

Takketale!

Det er ei stor æra for meg å stå her i dag! Dette er stort! Eg må innrømme at eg fekk totalt hakeslepp når eg fekk telefonen om at eg var ein av vinnarane av prisen som Årets Nynorskbrukar 2019!

Eg må derfor takka Nynorsk kultursentrum for at de valde Floke og Balanzera til denne gjeve prisen i år. Det er viktig for oss og verksemdene våre å bli sett for det arbeidet me gjer. I tillegg må eg sei at eg syns det er fantastisk bra at de valde to frisørkjeder. Det er få som er så tett på kunden som oss frisørar.

Nokon augeblikk i livet må ein klypa seg litt i armen fordi det er for godt til å vera sant. Telefonen om at eg var ein av vinnarane var definitivt eit slik augeblikk for meg, eg er utruleg takksam og stolt over å vera ein av dei utvalde.

For meg har det alltid vore viktig å halda på skriftspråket mitt, fordi eg snakkar nynorsk, men òg fordi eg meiner det er ein viktig del av vår kulturarv som me må gjera alt me kan for å bevare. Det klarer me ikkje om me ikkje brukar nynorsk i praksis i kvardagen, slik at språket lever.

Som gründer av Floke og no produktlinja Lyng har det vore eit naturleg val for meg å bruka nynorsk. Nynorsk er ein viktig del av min identitet og dermed og Floke og Lyng sin.

At utdelinga av denne prisen og nylanseringa av Lyngprodukta mine skjer på same tid, er heilt tilfeldig, men eg må sei at eg syns det er ekstremt "kult"! Eg tenkte derfor at eg skulle gje deko ein smakebit på tekstane på mine to fyrste produkt som vart lansert saman med nettbutikken min i går.

Som ein hyllest til Nynorsken:

Fønvind - hurtigtørkande hårspray.

Eit heksebrygg som kan minna om ei blanding av lim og fønvind. Let deg trylleforma lyngen nett som du ønsker. Tørkar på eit blunk- nett som kvitvasken på turkestativet ein varm sumardag, og held sveisen på plass lenger enn kan følgja ein tanke.

Inkje Anna - makalaus hårskum.

Inkje anna kan få deg til å gløda som ei filmstjerne. Inkje anna forstår deg betre, du makelause fine du. Inkje anna gjer deg 10 cm høgare. Og inkje anna kan få deg til å tenkje at dagen i dag blir ein fin dag, utan å seie eit einaste ord.

Du og eg fortener ei grøn verd.

Eg har jobba mykje med nynorsk og tekstar og eg har brukt mykje tid på alle mine tilsette slik at nynorsk skal vera ein naturleg del av deira kvardag slik det er for meg.

Det meiner eg, og tydelegvis Nynorsk kultursentrum også, at me har lukkast med, sidan me no er so heldige å få denne prisen.

Eg hadde likevel ikkje klart dette utan hjelp og støtte frå fleire andre. Eg vil derfor nytta anledninga til å takka mine fantastiske medarbeidarar i Floke som held ut med nynorskmaset mitt. De kan ta lika stor æra for dette de som meg! Eg vil og gjerne takka mi gode venninne og mentor Marit Ystanes som har hjelp til med sine nynorskunnskapar, min styreleiar Stein Opsahl som har støtta meg i mitt språkval, Magne Aasebrenn, Leiar i Noregs Mållag for hjelp til å løysa dei vanskelegaste utfordringane eg har hatt med namn og tekstane til Lyng.

Og sist men ikkje minst vil eg takka mor og far, som har støtta meg i tjukt og tynt, og for at dei har køyrd heile vegen frå Voss opp hit for å vera tilstades for meg i eit slikt stort augeblikk som det er å få tildelt ein slik pris.

TUSEN TAKK og Takk for meg!